Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Lom

Emne: Mjölk | Bygdelag:

Oppskr. av: Eiliv Brenna | Gard:

(adresse): Böverdalen | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
84½ aar gl. Brenna. Føderaadsmann

Mjölk

SVAR

1. Meieri og ysteri har gjort endring i bruken av mjölk. Før drak dei dagleg skuma mjölk og brukte myslje til kalv og grís. Naa vert mjölki sent til ysteris og bru. Kar minst mugleg heima.

2. Ja.

3. Alminneleg skuma mjölk og skyr.

Øl.

4. Skifte kom i 70–80 aari. Beste ølet vart brukt til grautveske, lettølet til drikke. Kallast øl. Bruken var soo ymse etter som dei hadde kyr heime um sumar. Dei bryggi jamt til slaattonni. Og før kaffen vart alminneleg fekk onnefolk øl i økti ved turrhøying. Øl vart brukt alltid ved gravøl og gjestebo, og naar framande vyrde folk kom tilgards. Velstandsfolk hadde alltid staande ferdigt malt aa taka til um noko kom paa f. eks. dødsfall haustsumar. Kvende og karar aa taane burt naar det hasta. Det er inkje soo fort gjort aa faa melta og ferdigt malt.

Kaffe.

5555

5. Det vart nokk over eit lengre tidsrum. Fyrst vart brukt kaffe til handverkarar og ved gjestebo og gravöl. So auka det paa. Eg høyrde at ein timbermann sa fraa ved uppkaving av eit stugubygg, at han vilde hava ei Kr. for dagen og Kaffi um morgon. Dette var i 1870.

6. I 1880–1890.

7. Byrja med morgonkaffi og um helgedagar. Auka til middags-kaffi, og naa drikk dei natt kaffi seine kvelden dei arbeidsfolk som gaar heimatt til natten. Vert brukt farlite mjölk og reint forvrygje kaffeiser til born og ungdom. Det gaar gale med helsa og tenner.

8. Ymse. Ein har malen kaffe i vatn i kalt eller kokande. Hender stundom dei traktar kaffeen naar det skull vera fint. Salt, Klaarnskinn brukar sume men faae kaffien klaarnar lell. Dei spaar i grut; oftast som ein moroleik. Seterbudeiene var svere til aa spaa i grut. „Friar faar eg inatt"; sa ho Mari. Det er ei dver konst. Dei veiva med koppen og slengde gruten ikring og fekk teikningar, og dei tyde dei som dei vilde.

9. Ja. Kattsukker var aa faa i butikken stundom. Kagd og klypt toppsukker var alminneleg i bruk för; men er gaatt av bruk. Naa kjöper ein ferdigklypt sukker.

10. Ja. Brukar söt, tunn rumme.

5555
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

10. Hev höyrt gjete at det er brukt.

Te.

11. Nei. Jarte av heimlege planter hav vore brukt so langt attende og lenger enn nokon veit. Det var av mange slags, ja tildels og av björke- og syljulauv.

Brennevin.

12. Var ingen regel. Men skulde det vera rigtigt grovt, maatte flaska fram. Ved ekstra arbeid, eller kom inn vaate og frosne.

Nyare drykk.

13 Ja. Øl fraa bryggjeri er kome istaden for heimebrygg. Vorteröl, selters og brus er aa faa kjöpt i Krambui og vinn terreng.

Øl Mest var det betre paa gamalvisen. Men for liti ingen kann aa bryggje naa. Før i tiden var det skort paa bygg ofte, og folk nokk til aa laga malt og aa bryggje. Naa er det bygg nokk, men mangel paa arbeidsfolk.

Rundt um paa gardane staar naa bryggjeambo, store, svere öl-kaggar og pertel um ei forgaatt tid: mer gröve, svere trejöler, som ein er undren over korleis dei kom por.

5555

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING